

SPRÅKRÅDET
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 23/00258-103	13.10.2023
	Ark.: 008	

Svar på høyring om utfyllende reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn

Kartverket viser til høyringsbrevet frå Språkrådet som vart ettersendt til Kartverket 29.09.2023. Merknadene frå Kartverket ved matrikkel- og stadnamnavdelinga fylgjer nedanfor.

Kartverket er ikkje teke med blant instansane som får høve til å uttale seg om skrivereglane for kvenske stadnamn i offentleg bruk. Som vedtaksorgan etter lov om stadnamn § 7 tredje ledd har likevel Kartverket merknader til forslaget.

Det første punktet gjer greie for tilhøvet mellom lyd og skrift i kvensk språk. Vidare blir i det andre punkt sett opp reglar for bruk av bindestrek, sær- og samskriving og bruk av stor og liten førebokstav i namn på bakgrunn av tidlegare normerte stadnamn i SSR. Det tredje punktet kommenterer korleis stadnamn som inneheld personnamn frå andre språk bør skrivast, og at kvenske stadnamn som er innlånte frå andre språk, skal fylgje kvensk rettskriving.

Skrivereglane kommenterer ikkje punkta i lova og forskrifta som gjev reglar for skrivemåten av stadnamn – uansett språk, dvs. punkta i § 4 i lovteksten og § 1, første ledd og § 5 i forskrifta. Det ville vere nyttig å gje døme på regionale samleformer, t.d. *er jänkä* og *jänkkä* døme på regionale samleformer med geografisk variasjon. Har vi døme på lokale dialektformer av kvenske namn, eller er det slik at eit skilje mellom “regionale samleformer” vs. “lokale dialektformer” ikkje er relevant i normeringa av kvenske stadnamn?

Kartverket har støytt på synspunkt frå lokalt hald om at Kartverket “forfinskar” kvenske stadnamn med normeringar som *Hotinuitto* og *Hotinpahta*. På lokalt hald blir det hevda at forleddet i navna i kvensk språkbruk er *Hotti-* og ikkje svakt stadium og genitiv *Hotin-* av *Hotti*. Vi har merkt oss at ein skrivemåte som *Hottitalo* blir brukt som et kvensk parallellnavn til Hottigården av Riksantikvaren <https://www.riksantikvaren.no/fredninger/hottigarden/>. Skrivemåten *Hottitalo* er ikkje fastsett av Kartverket til offentleg bruk. Ville det vere naudsynt å presisere ein liknande regel for kvenske stadnamn som for samiske stadnamn, jf. § 4 tredje ledd i forskrifta?

Lovpunktet seier: “Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal det eldste namnet brukast av det offentlege. I særlege tilfelle kan det gjerast unntak frå denne regelen.” I tilfellet *Hottitalo* og *Hotintalo* er det snakk om to ulike former av eit kvensk namn, og det er grunn til å gå ut frå at forma *Hottitalo* heng saman med at dagens språkbrukarar ikkje lenger har sterk nok kunnskap om måten som språket tradisjonelt har vore brukt av kvensktalande frå området.

På leksikalsk nivå har vi møtt på oppfatningar om at eit lydleg lånt terrengord *taali* ‘dal’ i kvensk ikkje blir rekna som høveleg å bruke i dag. Her har det vore sett fram synspunkt på at finsk *laakso* ‘dal’ bør brukast istadenfor *taali* trass i at det ikkje er nokon tradisjon for at ordet *laakso* har vore nytta lokalt. Burde dei utfyllande reglane for kvensk seie noko om at eldre namn eller namneformer bør vektleggjast framfor yngre former?

Med venleg helsing

Kristin Bjerkestrand Eid
Juridisk direktør

Elin Rundhaug Johannessen
Juridisk rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.